

Kartverket Bergen

Kopi:

Radøy kommune v/ landbruksforvaltninga og geodataansvarleg
FMLA Hordaland v/ geodataleiar



skog+
landskap

NORSK INSTITUTT FOR
SKOG OG LANDSKAP

AR5 frå kontinuerleg ajourhald for Radøy kommune

Vi er no ferdig med teknisk kontroll av AR5 for Radøy kommune. Datasettet er lasta til Kartverket sin nasjonale database (QMS).

Produktspesifikasjon for FKB-AR5 er revidert. Skog og landskap vil utføre oppgradering til den nye FKB-versjon 4.5. Oppgraderinga vil skje i perioden juni til oktober. Fylkeskartkontoret vil hente ut AR5 frå QMS og sende den til kommunen når dataene er oppgradert. Vi ber om at kommunen ikkje gjer nokon endringar i AR5 før de har mottatt oppgradert original frå fylkeskartkontoret. Meir informasjon om oppgraderinga finn du her: http://www.skogoglandskap.no/nyheter/2014/mer_noyaktig_arealstatistikk

Når kommunen mottok ny original AR5 frå fylkeskartkontoret, har kommunen igjen ansvar for kontinuerleg ajourhald i samsvar med gjeldande FDV-avtale i Geovekst.

Vidare kontinuerleg ajourhald

Før kommunen skal i gang med det kontinuerlege ajourhaldet, er det viktig å lese siste versjon av rettleiingsmateriell på nettsidene våre. Spesielt kokebøkene er under stadig revisjon. Dette vert oppdatert i takt med endringar i standard, kartverkty og rutiner. Sjå Vedlegg 1 for informasjon om kvar du finn oppdatert rettleiingsmateriell.

Kva endringar har kommunen utført?

Når kommunen leverer inn AR5 frå kontinuerleg ajourhald, vert det køyrt ei maskinell samanlikning av datasettet med den versjonen av AR5 som ligg i den sentrale basen frå før. Endringane som kommunen har utført er synleg som kart og statistikk på våre heimesider. Sjå Vedlegg 1 for meir informasjon.

Kva har Skog og landskap retta opp?

Skog og landskap utfører ei teknisk kontroll og oppretting av AR5 før innlegging i QMS. Vi retter tekniske feil som doble linjer, flater uten signaturar med meir, men vi gjer ikkje markslagsfagleg vurdering av areala. På neste side har vi lista opp kva vi har retta på og merka oss då vi utførte den tekniske gjennomgangen av AR5.

Gardskart på internett og Kilden syner oppdatert AR5 måndagen etter dette brevet sin dato.

Ta kontakt ved spørsmål.

Venleg helsing

Jostein Frydenlund
Seksjonsleiar

Gry Merete Olaisen
Senioringeniør

Vedlegg: Vedlegg 1 - AR5 nettsider - kvar finn eg kva?

* AR5 står for arealressurskart i målestokk 1:5 000

Dato: 11.06.2014

Deres ref:

Vår ref:

2014/264/GRO

Norsk institutt for
skog og landskap

Pb 115, 1431 Ås
T 64 94 80 00
F 64 94 80 01
Org. nr.: 970 167 641
Bankkonto: 7694 05 12081

Regionkontor
Nord-Norge - Tromsø
Midt-Norge - Steinkjer
Vest-Norge - Bergen

Norsk genressurscenter

www.skogoglandskap.no

Tilbakemelding om teknisk kontroll og retting

	Merknad	Rettes av kommunen før opplasting til sentralt AR5-lager	Rettes av kommunen etter opplasting til sentralt AR5-lager	Rettet av skog og landskap	Utført, dato og signatur
Opphav				ja	2014-06-06.vis
Dato					
Kvalitet					
Topologi og flatedanning					
Lovlige kombinasjoner					
Annen koding på gruppenivå					
Annet					

Koding av ..opphav:

Vi har lagt inn OPPHAV 1260 på 25 nydaterte objekter som manglet egenskapen.

Generelt om teknisk kvalitet:

Veldig bra



skog+
landskap

NORSK INSTITUTT FOR
SKOG OG LANDSKAP